

Fra: Edgar Fosstveit <edgar@fosstveit.net>
Sendt: 27. mars 2014 21:13
Til: NVE
Emne: Innspel til høyring i sak om kraftutbygging i Grødalsvassdraget, Sauda Kommune.

Hei!

Eg har nokre synspunkt ang. kraftutbygging i Grødalselva i Sauda (saksnr:200905221). Først av alt vil eg sei at eg finn det litt merkeleg at eg som hytteeigar ikkje har fått nokon som helst informasjon ang.

utbyggingsplanane. Heilt tilfeldig fekk eg informasjonen av ein nabo.

På kartet eg har fått sjå, er kraftlinja frå kraftstasjonen lagt i ein trase' som går berre ca. 30 meter sør for hytta vår, og me vil difor få linjespennet midt i fleisen med hensyn til utsikt.

Me brukar Grødalselva som drikkevasskjelde, og er difor uroa over kva innverknad kraftutbygging kan ha på vasskvaliteten. Eg veit at nokre kraftstasjonar har hatt problem med hydraulikkoljelekkasje, så det vil jo vera svært negativt for vasskvaliteten. Eg ser at det er teikna opp to alternativ til plassering av kraftstasjonen, så eg vil jo sei at det nederste alternativet der Grødalselva og Nordstøldalselva møtes er langt betre både med hensyn til forureining av vatnet og også hensynet til stølsområdet på Beintfram for både støy og reint visuelt.

Når det gjeld inntaket til røyrgata, ser det ut for meg at det ligg akkurat på det smalaste i skaret ved innløpet til Grødalen. Dette skaret er også einaste farbare trase' for dei som går på austsida av elva på ski. Hvis dette bassenget blir ope om vinteren er eg redd for at det kan bli farleg å ta seg forbi på ski. Når det gjeld ATW veg opp langs røyrgata i anleggsperioden, vonar eg at den blir fjerna etter ei eventuell utbygging. Ein må hugse på at traseen for kraftverket går gjennom eit av dei gamle stølsområda med tufter etter gamal stølsdrift.

Vonar det blir tatt ei grundig vurdering av om nytten av ei utbygging verkeleg kan vege opp for ulempene det utvilsomt vil føre med seg.

Hytta vår ligg ca. 100 meter aust for Risbrua på Arild Fosstveit sin eigedom.

Mvh.Edgar Fosstveit